

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Scandic Maritim Hotel Haugesund

MØTETIDSPUNKT: 21.06.18 Kl. 09.00 – 12.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Olav Akselsen	Medlem
Kristin Skorpen	Medlem
Helge Espelid	Medlem Var ikkje tilstade i sak 42/18
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Margareth H. Langebro	Kommunikasjonssjef

Forfall frå styremøtet

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

SAKLISTE

Sak 35/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 36/18	Godkjenning av protokoll 28.05.18
Sak 38/18	Rapport frå verksemda
Sak 39/18	Utviklingsplan Helse Fonna HF
Sak 40/18	Sal av tomt på Stord
Sak 41/18	Årleg gjennomgang av styrande dokument for Styret i Helse Fonna HF

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Sak 42/18	Fellesmøte med brukarutval, ungdomsråd og styret i Helse Fonna HF
-----------	---

Døme på brukarinvolvering i Helse Fonna. Ved Kari Ugland.
Brukarinvolvering i samband med Utviklingsplan Helse Fonna.
Ved Reidun R. Mjør

Dialog med ungdomsrådet og brukarutvalet

Saker til orientering

Sak 37/18	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak 43/18	Leiing og organisering i Helse Fonna	Vedlagt
Sak 44/18	Rapportering på styringsdokument	Vedlagt
Sak 45/18	Nasjonal pilot legevakt	Vedlagt
Sak 46/18	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt
Sak 47/18	ByggHgsd2020	Utsendt

Sak 35/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 47/18 blir behandla etter sak 37/18

Brev frå brukarutvalet datert 20.06.18 ble delt ut til styret.

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 36/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte 28.05.18

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 28.05.18

Sak 37/18 Administrerande direktør si orientering

OPE DEL

1. Rapportering tilsynssaker

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

3. Lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

4. Innlegg frå forskar Ole Marius Ekberg

Seksjonsoverlege/forskar ved fysikalsk medisin og rehabilitering i Helse Fonna, Ole Marius Ekeberg, orienterte om organisering av Fysikalsk medisin og rehabilitering i Helse Vest og Helse Fonna, samt rehabiliteringstilbodet i Helse Fonna.

Han informerte om forskingsprosjektet han er med i «Fra retningslinje til klinisk praksis» Eit forskingsprosjekt som er et samarbeid mellom forskingsseksjonen i Helse Fonna og avdeling for allmennmedisin i UIO. Dette prosjektet er finansiert av Helse Vest og allmennmedisinsk forskningsråd.

5. Oversyn bierverv i føretaket

Administrerande direktør viste til vedlagt notat.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 47/18 ByggHgsd2020

Styret vedtok å lukke sak 47/18 etter lov om helseføretak § 26a 2. ledd punkt 2

under følgjande punkt:

Månadsrapport mai 2018

Prosjektdirektiv.

HMS strategi blei handsama i opent møte.

Oppsummering

Prosjektdirektør ByggHgsd2020 Laila Nemeth orienterte styret om status for pågåande prosessar samt budsjett og prognose 2018.

Prosjektdirektør orienterte om status for tilbod og forhandlingar (B02). Styret ga si tilslutning til dei marginalar og reserver som administrerande direktør legg opp til som følgje av usikkerheitsanalyse mai 2018.

Kontrakt for B02 vil bli lagt fram for styret saman med endelig usikkerheitsrapport og prognose før signering.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar månadsrapportering mai 2018, prosjektdirektiv og HMS-strategi for bygg Haugesund til orientering

38/18 Rapport frå verksemda**Oppsummering****Økonomi**

Overskotet i mai 2018 var på 3,6 millionar kroner mot eit budsjettert overskot på 4,6 millionar kroner. Dette gjev eit negativt budsjettavvik på 0,9 millionar kroner.

Aktivitet

Aktiviteten har variert mellom klinikkane i månaden men gjennomgåande lågare aktivitet for innlagde pasientar.

Kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 58 dagar. Innan somatikken var ventetida for behandla pasientar 60 dagar (eigarkrav under 60 dagar), innan BUP-feltet 50 dagar (eigarkrav under 35 dagar), innan psykisk helsevern for vaksne 37 dagar (eigarkrav under 40 dagar). Innan rusfeltet ventetid på 23 dagar (eigarkrav under 30 dagar) i styringsportalen.

13 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

36 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Fire av fem av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

For BUP Stord var ventetid behandla på 26 dagar, mens for BUP Haugesund var den på 59 dagar. Det er sett i verk omfattande tiltak for å komme innanfor dei regionale målkrava med omsyn til ventetid.

Medisinsk klinikk har klinikk har fristbrot innan barne- og ungdomsfaget, gastroenterologi og nevrologi. Til saman 17 fristbrot. Dette har vore kommentert tidligare. Vakante stillingar og fråvær blant merkantilt personell har gitt ei utfordring med å overhalde fristar på nevrologisk og barn. Det blir arbeidd systematisk med tiltak for å redusere risikoen for fristbrot.

Utskrivningsklare pasientar

Talet på utskrivningsklare pasientar er høgt.

Korridorpasientar

Talet på korridorpasientar har gått monaleg ned. 1,9 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Medarbeidar

Sjukefråværet var 5,6 prosent i mai.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

Sak 39/18 Utviklingsplan Helse Fonna HF

Administrerande direktør takka Reidun Mjør for arbeidet med Utviklingsplan Helse Fonna HF. Det ble vist til at planen er drøfta med tillitsvalte 12.06.18 og behandla i AMU 13.06.18

Oppsummering

Som del av iverksettinga av Nasjonal helse- og sjukehusplan, Meld.St. 11 (2015-2016), skal alle helseføretak utarbeide utviklingsplanar. Planen skal utarbeidast i tråd med rettleiaren

som Helse- og omsorgsdepartementet har fått utarbeida. Nasjonale føringar gjennom stortingsmeldingar og føreskrifter og føringar frå føretaksmøter skal leggest til grunn for arbeidet. Utviklingsplanen skal vidare utarbeidast i tråd med regionale føringar i Helse Vest sin strategi Helse 2035. Målsettinga er å legge til rette for god og framtidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar for å skape pasienten si helseteneste.

Styret i Helse Fonna vedtok mandatet for arbeidet med utviklingsplan i sak 63/17. I sak 23/18 vedtok styret å sende utviklingsplan på høyring før endeleg handsaming. Utviklingsplan for Helse Fonna HF blir no lagt fram for endeleg styrebehandling.

Arbeidet med utviklingsplan har vore prosjektorganisert.

Informasjon om arbeidet med utviklingsplan og sentrale dokument i prosessen har vore tilgjengelege via Internett.

Utviklingsplan for Helse Fonna er formelt drøfta med føretakstillitsvalde og hovudvernombod 12.06.2018 og behandla i Arbeidsmiljøutvalet 13.06.2018. Prosess og status utviklingsplan har vore orienteringssak i begge fora under vegg i arbeidet.

Utviklingsplanen blei publisert på Helse Fonna sine nettsider 09.04.2018. Det blei sendt e-post til høyringsinstansar med høyringsfrist 18.05.2018.

Tilbakemeldingar og synspunkt føretaket har fått gjennom høyringa har vore nyttige og bevisstgjeringe.

Administrerende direktør planlegg organisasjonsendringar i føretaket etter at utviklingsplanen er vedteken av styret.

Det vil fortsatt vere stadleg leiging ved Odda og Valen sjukehus.

Administrerende direktør si tilråding

Utviklingsplan for Helse Fonna er utarbeida i samsvar med mandat for prosjektet og nasjonal rettleiar

Planen er basert på føringar som kom i Nasjonal helse og sjukehusplan (Meld.St. 11 2015-2016) og regional strategi for Helse Vest, Helse 2035. Føringar og konklusjonar som er gjort i arbeidet med ByggHaugesund 2020 og i samband med prosjekt ved Stord og Odda sjukehus (2017) er vidareførde i planen.

Føringar frå statsråden i oppdragsdragsdokument frå juni 2017, der det blir slått fast at den samla beredskapen for befolkninga tilhøyrande Odda sjukehus skal vere på same nivå og gi tilsvarande tryggleik som i dag, ligg fast i planperioden.

For å sikre vidare framdrift og oppfølging av satsingsområda som er peika på i utviklingsplanen, vil det vere behov for vidare utgreiing og konkretisering i eigne delplanar og handlingsplanar.

Utviklingsplan for Helse Fonna peiker mot 2035. Planperioden er på fire år (2019-2022) til revidert Nasjonal helse- og sjukehusplan kjem.

Administrerende direktør rår til at utviklingsplanen blir vedtatt og sendt til Helse Vest RHF.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret vedtek utviklingsplan for Helse Fonna HF.
2. Styret ber administrerende direktør sende utviklingsplan for Helse Fonna HF til Helse Vest RHF.

Sak 40/18 Sal av tomt på Stord

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår å skilja ut ein del av tomt Gnr.27, Bnr. 526 og selje denne delen
2. Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Sak 41/18 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Fonna HF

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Styret i Helse Fonna HF har frå 2014 gjennomført den same ordninga.

Vedtak [samrøystes]

Styret er kjend med og tar til etterretning følgjande dokument:

1. Vedtekter for Helse Fonna HF, sist endra i føretaksmøte 21.februar 2018
2. Instruks for styret i Helse Fonna HF
3. Instruks for administrerende direktør i Helse Fonna HF
4. Ethiske retningslinjer for Helse Vest

Sak 43/18 Leiing og organisering i Helse Fonna HF

Administrerende direktør orienterte kort om prosessen og informerte om at saka er drøfta med tillitsvalde 12.06.18 og behandla i AMU 13.06.18

Oppsummering

Med bakgrunn i prosjekt ByggHaugesund2020 og prosjektet for utviklingsplan Helse Fonna HF er det initiert prosess knytt til eventuell endring av strukturen for organisering og leiing.

Hausten 2017 starta prosessen med å sikre at leiing og organisering i Helse Fonna er tilpassa pasienten si helseteneste og er i tråd med dei måla som føretaket har sett.

Utviklingsplanen er planlagd vedteken innan utgangen av juni 2018, og avgjerd knytt til ny struktur for leiing og organisering er planlagd til ultimo juni. Prosess knytt til endring av organisasjonsstrukturen vil bli starta hausten 2018.

I konseptfasen for nytt bygg i Haugesund har det vore gjennomført ei rekke organisasjonsutviklingsprosessar for å identifisere tiltak som støtter opp under hovudprinsippa.

- Kliniske senter for dei store pasientforløpa, på tvers av ulike fagområde og gamle strukturar. Dette sikrar gode pasientforløp, nærleik til kompetansen, effektiv bruk av ressursar og auka kvalitet og pasienttryggleik.
- Pasientar skal ikkje leggest i seng unødvendig, men gå mest mogleg på egne bein
- Ta i bruk ny teknologi som underbygger dei kvalitative og kvantitative gevinstane som er sette for prosjektet.

Overordna prinsipp for arbeidet med organisasjonsutvikling/prosess for organisering og leiing har vore:

- Vi skal leggje best mogleg til rette for behandling av heile mennesket
- Vi skal leggje til rette for auka eigenmestring og deltaking
- Vi skal auke samarbeidet i føretaket – på tvers av einingar og sjukehus/DPS
- Vi skal ikkje auke talet på leiarnivå

Prosess for organisering og leiing har sidan denne starta i oktober 2017 gjennomført ulike tiltak for å sikre god involvering og for å lytte til råd frå organisasjonen.

Det vart oppretta eigen postkasse der medarbeidarar kontinuerleg fram til 21.5.18 kunne gje innspel til prosessen. Her er det kome hundretals innspel til administrerande direktør, som er svara på.

Prosess for organisering og leiing har vore på agendaen i klinikkleiargruppene etter konkrete bestillingar frå administrerande direktør. Undervegs i prosessen har administrerande direktør i samråd med leiargruppa lagt fram ulike forslag/skisser til framtidig organisering/klinikkstruktur, der alle medarbeidarar i etterkant har hatt høve til å gje innspel, også direkte til administrerande direktør.

Proessen og dei konkrete forslaga til organisering har vore diskutert i dialogmøte med dei tillitsvalde og hovudverneombodet, i arbeidsmiljøutvalet og var i juni tema i allmøte mellom administrerande direktør og medarbeidarane på alle sjukehusa.

Prosess for organisering og leiing har vore orientert om i styret undervegs i prosessen ved fleire høve.

Forslaget er drøfta med føretakstillitsvalde 12.06.18 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 13.06.18.

Forslaget til ny organisasjonsstruktur som nå er utarbeidd har ikkje store overordna endringar i forhold til dagens organisering.

Helse Fonna vil fortsatt ha ei blanding av gjennomgåande klinikkstruktur og geografiske klinikkar for å vareta både stadleg leiing og gjennomgåande felles fagmiljø og tenester.

Ved Haugesund sjukehus ligg det føringar for ByggHaugesund2020 som må takast omsyn til ved ny organisering. Det vil bli oppretta eit felles akuttmottak i nytt sjukehusbygg, det blir ei hjarte- og lungeavdeling og ei avdeling for eldremedisin. Endringane vil støtte dei gode pasientforløpa.

Forslaget inneber at det fortsatt vil vere fire leiarnivå.

Det vil fortsatt vere stadleg leiing ved Odda og Valen sjukehus. Med ny struktur vil dei stadlege leiarane ha tettare dialog med administrerande direktør med faste møte og direkte kontakt. Stadleg leiar skal rapportere til klinikkdirektør om drift og fag, men kan også vende seg til administrerande direktør i saker på meir overordna nivå. Føremålet er å styrke avdelingane i Odda og på Valen med kort linje til toppleiinga ved behov.

Prosess knytt til endring av organisasjonsstrukturen vil bli starta hausten 2018. Føretaket vil i endringsprosessen følgje «Retningslinjer for endringsprosessar i Helse Fonna».

Retningslinjene skal sikre involvering og medverknad i samsvar med AML § 8-2 samt hovudavtalen § 31. Vidare §§ 6-2 og 7-2 som gjeld involvering av verneombod og behandling i AMU.

Det vil bli gjennomført ei evaluering av endringane.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret tek saka til orientering
2. Styret ber administrasjonen om å gjennomføre endringane i dialog og samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta, på ein slik måte at arbeidsmiljø og krav til kvalitet og pasienttryggleik blir ivaretatt

Sak 44/18 Rapportering på styringsdokumentet

Oppsummering

Administrerande direktør orienterte kort om rapporteringa på styringsdokumentet.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapportering på styringsdokumentet for første halvår 2018 til orientering.

Sak 45/18 Nasjonal pilot legevakt

Oppsummering

Helsedirektoratet har lyst etter legevaktdistrikt for å gjennomføra ein nasjonal pilot innan legevakt. Piloten skal prøva ut ein tre – nivå modell innan legevakt.

Voss kommune, som vertskommune, har sendt søknad til Helsedirektoratet på vegne av kommunane i Hardanger og Voss legevaktdistrikt om å få gjennomføra denne piloten.

Helse Fonna har fått e-post om å delta i pilotprosjektet.

Administrerende direktør orienterte om invitasjon frå Voss kommune til å delta i «Pilot legevaktfeltet – Hardanger og Voss. Administrerende direktør viste til vedlagt utkast til tilbakemelding på invitasjonen om deltaking i prosjektet.

Helse Fonna vil bidra i arbeidet og peiker på ulike føresetnader som er viktige for pasientane og føretaket i prosessen.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende tilbakemelding til Voss kommune i tråd med saksframlegget og dei kommentarane som kom i møtet

Sak 46/18 Eventuelt

Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2018
2. Svar på brev frå brukarutvalet i Helse Fonna HF

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Sak 42/18 Fellesmøte med brukarutval, ungdomsråd og styret i Helse Fonna HF

Styreleiar ønskte velkommen til fellesmøtet. Styret, brukarutval og ungdomsrådet presenterte seg.

Administrerende direktør takka for samarbeidet med brukarutvalet og ungdomsrådet i utarbeiding av «Utviklingsplan for Helse Fonna» og takka medlemmane i ungdomsrådet for deltaking i møte med statsråd Bent Høie.

Prosjektleder Reidun Mjør orienterte om «Brukarmedverknad i arbeidet med utviklingsplanen, om prosess og involvering»

Samhandlingsjef Kari Ugland fortalte ei pasienthistorie som eit eksempel på brukarmedverknad som har resultert i endra praksis i Helse Fonna.

Sølvi Heimestøl, rådgjevar, samhandling og FOUSAM, orienterte om evaluering av ungdomsrådets første år og om ungdomsrådets deltaking i prosjektet «Barn som pårørende»

Administrerende direktør svarta ut to spørsmål frå brukarutvalet mottatt på mail 20.06.18

1. Spørsmål om pasient transport.

Administrerende direktør orienterte om retningsliner for og metodikk for evaluering av pasienttransport og presenterte resultat frå «Nasjonale brukarundersøkingar 2017 Reiser med rekvisisjon Helse Vest»

2. Skadepoliklinikk ved Haugesund sjukehus.

Administrerende direktør beklaga opplevingane pasientar har hatt i ventesona ved skadepoliklinikk Haugesund sjukehus. Det ble orientert om tiltak som er satt i verk og planlagde tiltak.

Ref. Ingebjørg Kismul
21.06.18

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

Sett: Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------------	--------

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------

Olav Akselsen	Medlem
---------------	--------

Kristin Skorpen	Medlem
-----------------	--------